



PÅL BJARTE KOLÅS
Slettevegen 895
5939 SLETTA

Saksbehandlar, innvalstelefon
Martin Søgner, 5764 3079

Svar på søknad om tilskot ved produksjonssvikt i 2022, søknadsnr. 52896

Du får utbetalt kr 15 664 i tilskot etter produksjonssvikt i 2022. Pengane vert overført til din konto med det første.

Vi viser til søknaden din, datert 20.10.2022 om erstatning ved avlingsvikt, for vekstgruppe grovfôr.

Søknaden er handsama etter *forskrift om tilskudd ved produksjonssvikt i plante- og honningproduksjon* (FOR 2012-01-17-56), *Forskrift om satser for og beregning av tilskudd ved produksjonssvikt i plante- og honningproduksjon* (FOR 2018-08-01-1215) og rundskriv 2022-65 frå Landbruksdirektoratet.

Forskriftene seier m.a.

- Formålet med ordninga er å redusere det økonomiske tapet som oppstår ved produksjonssvikt som kjem av klimatiske forhold som det ikkje er mogleg å sikre seg mot (§ 1)
- Det vert gitt tilskot til svikt i avling på rot av mat- og fôrvekstar i forhold til gjennomsnittsavling i vekstgruppa (§ 3)
- Det vert berre gitt tilskot for produksjonssvikt ut over 30 prosent av gjennomsnittsproduksjon per vekstgruppe. Utrekna tilskot under kr 5 000,- og over kr 750 000,- vert ikkje utbetalt (§ 6)
- Heile eller deler av tilskotet kan bli avkorta dersom føretaket ikkje har drive på ein fagleg forsvarleg måte og har gjort det som normalt vert forventa for å førebygge tap (§ 9)
- Satsen for tilskot ved produksjonssvikt på grovfôr i føretak med husdyr er i 2022 sett til kr 4,43 pr. FEm, for salsproduksjon på grovfôr er satsen kr 2,88 pr. kg (§ 13 i forskrifta om satsar)
- Normavlinga for grovfôr i føretak med husdyr i Vestland er for fulldyrka eng 540 FEm/daa, og overflatedyrka eng 430 FEm/daa (§ 14 i forskrift om satsar)
- Fôropptak frå beiting og direktefôring frå fulldyrka eller overflatedyrka eng vert rekna som ein del av den hausta avlinga i skadeåret



Klimatiske tilhøve som gav skade

Sommaren 2022 var prega av mykje samanhengande nedbør i Vestland. Dette har resultert i produksjonssvikt på grovfôr. Samanhengande nedbør i opptil 90 dagar i strekk fleire plassar, og gjerne berre 2-3 daga opplett, så vart det fleire stadar dårleg grasvekst og store utfordringar knytt til hausting. Det kom ein liten godvêrsperiode i september, og mange fekk nytta denne godt.

Grunnlag for erstatning

Avlingstapet vert rekna ut ved å samanlikne avlinga i skadeåret mot avlinga i normalår. Vi skil då mellom faktisk normalavling i føretaket og teoretisk normalavling for Vestland. For Vestland er teoretisk normalavling sett til 540 FEm/dekar for fulldyrka eng og 430 FEm/dekar for overflatedyrka eng.

Det er berre skade på grunn av klima som gjev rett på tilskot, jf. § 2 i produksjonssviktforskrifta. Hovudregelen ved produksjonssvikt i grovfôrproduksjon med husdyr er at Statsforvaltaren skal vurdere normalavling i føretaket i høve til teoretisk normalavling og korrigere for naturgitte og dyrkingstekniske forhold. Denne korrigeringa blir gjort med klimaprocenten. Det skal også gjerast ein reduksjon når det er andre forhold enn klima som har ført til avlingssvikt.

Ut frå dine opplysningar om avling i skadeåret og fagleg vurdering av kommunen vart utrekninga av erstatninga slik:

Forventa avling FEm i skadeåret (Normavling x areal i skadeåret)	29 190
Trekk 30 % eigenrisiko, FEm	8 757
Trekk avling i skadeåret (oppmålt fôrlager - overlagret fôr + solgt grovfôr + fôropptak på grovfôrarealet) FEm	16 897
Produksjonssvikt i skadeåret i FEm	-3 536
Produksjonssvikt som skuldast klima i %	100
Andel produksjonssvikt som kan gi tilskot. Berekningsgrunnlag, FEm	-3 536
Tilkotssats, kr pr FEm	4,43
Andel produksjonssvikt som kan gi tilskot. Berekningsgrunnlag, kr	-15 664
Samlet tilskotsgrunnlag, kr:	15 664

Vurdering av søknaden

Melding om produksjonssvikt var gjevne kommunen 29.10.2022. Søknaden er handsama ut frå opplysningane frå søkjar, som er bekrefta av kommunen. Kommunen var på kontroll av fôrlageret 08.12.2022, og tilrår å innvilge søknaden.

Føretaket driv med storfe og sauehald, 3 ammekyr, 8 øvrige storfe, 72 søyer og 10 verar. Arealet er 23 dekar fulldyrka jord, 39 dekar overflatedyrka jord og 146 dekar innmarksbeite. Du har i søknaden oppgitt 138 søyer som beita på eng arealet, men vi har justert dette til 72 søyer med utgangspunkt i opplysningar frå søknad om produksjonstilskot. Utrekning av fôropptak på areala er med utgangspunkt i fôropptaket til ei søye med to lam. I tillegg fekk vi informasjon per telefon om at dyra beitar både på fulldyrka/overflatedyrka areal og på innmarksbeite. Derfor har vi også redusert antall beitedagar i søknaden, då innmarksbeite ikkje er med i denne ordninga skal heller ikkje fôropptaket reknast med. For storfe har vi redusert i frå 30 til 12 dagar og for sauer i frå 82 til 40 dagar.

Klimaprocent skal reduserast skjønsmessig når det er andre forhold enn klima som har ført til lågare avling enn teoretisk normalavling. Det kan vere naturgitte forhold som høgde over havet, og/eller dyrkingstekniske forhold som vassjuk jord, gamal eng, køyreskadd jord, hjorteskade,



tidspunkt for våronn og hausting, mm. Dette er faktorar som gjer at eit føretak sin produksjon i normalår er lågare enn teoretisk normalavling som er det øvre avlingstaket i forskrifta. I slike høve skal ein bruke klimaprosenten til å justere avlingsnivået i normalår i høve til teoretisk avlingsnivå i ordning.

Som vedlegg til søknaden har du fylt ut eit hjelpeskjema som viser avlings tal frå dei tre føregåande åra til 2022. Basert på oppgitte tal i skjemaet du har fylt ut, og tal i frå søknad om produksjonstilskot har vi funne det faktiske avlingsnivået for ditt føretak. Det vi har kome fram til er at ditt føretaket har ei normalavling på om lag 478 FEm/dekar. Det betyr at naturgitte og/eller dyrkingstekniske forhold gjer at avlingsnivået i føretaket ditt er om lag 100 % av teoretisk avlingsnivå.

Etter ei samla vurdering set vi klimaprosenten til 100 %.

Vedtak

Du får utbetalt eit tilskot på kr 15 664 etter produksjonssvikt i 2022.

Opplysningsplikt og kontroll

Kommunen, Statsforvaltaren og Landbruksdirektoratet kan krevje nødvendige opplysningar og kontrollere at utbetalinga av erstatninga er rett.

Tilbakebetaling av erstatning

Dersom erstatninga er utbetalt på feil grunnlag eller du likevel ikkje oppfyller vilkåra etter forskrifta, kan vi krevje erstatninga tilbake. Feil utbetalt erstatning kan også trekkjast i seinare utbetaling av andre tilskot.

Klagerett

De kan klage på vedtaket innan 3 veker etter at de fekk dette brevet. Ei eventuell klage skal sendast til Statsforvaltaren. Dersom Statsforvaltaren ikkje tek klaga til følgje, vert klaga handsama vidare av Landbruksdirektoratet. Klaga bør vera grunnsett, jf. § 32 i forvaltningslova.

Ta kontakt med Statsforvaltaren dersom det er trong om meir informasjon om klageretten og framgangsmåten kring ei klage.

Med helsing

Bjørn Harald Haugsvær
ass. landbruksdirektør

Martin Søgner
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

ALVER KOMMUNE

Postboks 4

5906

FREKHAUG